



FYLKESMANNEN I AUST-AGDER

Miljøvern avdelingen

Grunneigarar og andre interessentar

Etter adresseliste

Dykkar ref.

Vår ref. (må bli gjeve opp ved svar)
Sak nr. 2012/984 / FMAAAGO

Dato
26.02.2014

HØYRING AV FORSLAG OM ENDRING AV VERNEGRENSENER FOR HISDAL NATURRESERVAT I BYKLE KOMMUNE SAMT STEINSBUSKARDET-HISDAL BIOTOPVERNOMRÅDE OG SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Fylkesmannen i Aust-Agder sender med dette ut forslag til endring av vernegrenser for Hisdal naturreservat i Bykle kommune samt Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylke landskapsvernområde på offentlig høyring til grunneigarar, kommune og andre interessentar. Høyringsperioden er **frå 3. mars til 15. april 2014**.

Bakgrunn

Hisdal naturreservat (NR) blei verna ved kgl. res. 19. desember 2008. Naturreservatet omfattar gnr./bnr. 20/2, 3, 4 i Bykle kommune, og dekkjer eit totalareal på ca. 16 228 dekar. Føremålet med vernet er *både å sikre eit særskilt viktig kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei og å ta vare på eit stort skog- og heiområde som er representativt for indre delar av Aust-Agder. Ein høg konsentrasjon av gamle grove furutre i området representerer restar av «kjempe-furuskogar» frå fortida, som er særskilt viktige for å ta i vare artsmangfaldet knytt til gamle furuskogar*. Hisdal NR inkluderer eit område mot nordvest som er eit særskilt viktig kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei. Denne delen av reservatet (kalvingssone) har eigne vernereglar/ferdselrestriksjonar som samsvarar med vernereglane for sone B i Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde, som ligg nordvest for reservatet.

Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde (BVO) i Bykle kommune blei verna ved Kronprinsreg. res. 28. april 2000. Biotopvernområdet dekkjer eit areal på ca. 33,6 km². Føremålet med vernet er *å sikre eit særskilt viktig heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei*. Steinsbuskardet - Hisdal BVO har to soner med ferdselrestriksjonar. I sone A, Steinsbuskardet, er det særskilt viktige trekkruiter for villreinen. Sone B går vidare inn i Hisdal NR.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde (LVO) blei verna ved Kronprinsreg. res. 28. april 2000. Landskapsvernområdet dekkjer eit areal på ca. 2344,5 km². Føremålet med vernet er:

1. *Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.*
2. *Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.*

Innafor landskapsvernområdet er det særskilde kalvingssoner og trekksoner for villrein med ferdselreguleringar.

Etter vernetidspunktet har Aust-Agder jordskifterett gjennomført merking av vernegrense/ eigedomsgrense i Hisdal NR, sak 0900-2009-0032. I samband med denne grensemerkinga, har det oppstått avvik mellom vernekartet og jordskiftekartet. Endringane i vernegrenser for Hisdal NR vil òg påverke avgrensinga av Steinsbuskardet-Hisdal BVO og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane LVO. Miljødirektoratet har difor bede Fylkesmannen i Aust-Agder, i samråd med forvaltningsstyret for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, å utarbeide felles høyringsforslag og gjennomføre høyring av eit forslag om endring av vernegrenser for dei tre verneområda i tråd med jordskiftekartet. Høyringa skal omfatte og skildre alle føreslegne endringar.

Forslag til endring og Fylkesmannen si vurdering

Endringane i vernegrensene som no blir føreslegne, er justeringar som følgje av avvik mellom vernekart og intensjonane ved vernet. For Hisdal NR føreset vernevedtaket at vernegrensene skal følgje eigedomsgrensene. Dette vil i neste omgang påverke avgrensing av dei omkringliggjande verneområda; Steinsbuskardet-Hisdal BVO og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane LVO. Ved vernet av Hisdal NR, står det i kgl. res. at *eksisterende Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde foreslås endret slik at avgrensningen følger grensen for det foreslåtte Hisdal naturreservat. Tilsvarende foreslås eksisterende Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde endret slik at avgrensningen følger grensen for det foreslåtte Hisdal naturreservat.*

I tillegg blir det føreslege at eit lite areal av Steinsbuskardet-Hisdal BVO som feilaktig har blitt liggjande att isolert sør for Hisdal NR, blir fjerna frå vernekartet.

Vedlagt kart (vedlegg 1) viser dei føreslegne grenseendringane. Endringane er nummerert på kartet, og er som følgjer:

1. Grense mellom Hisdal NR og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane LVO vest i reservatet

Gjeldande vernekart for Hisdal NR omfattar eit areal tilhøyrande gnr 9 bnr 5 i Bykle kommune aust for Flotefjell, og samsvarar ikkje med jordskiftekartet når det gjeld eigedomsgrensa mellom gnr./bnr. 20/4 og gnr./bnr. 9/5. Verneforskrifta for Hisdal NR avgrensar vernet til å gjelde gnr./bnr. 20/2, 3 og 4 i Bykle kommune, medan gnr./bnr. 9/5 er ein del av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane LVO. Det har aldri vore intensjonen til vernestyresmakta at areal som høyrer til denne sistnemnde eigedomen skulle gå over i Hisdal NR. Fylkesmannen føreslår difor å justere vernegrensa til å følgje eigedomsgrensa i dette området.

Føremålet med Hisdal NR er å sikre kalvingsområde for villrein og ta vare på eit skog- og heiområde med høg konsentrasjon av gamle, grove furutre. Arealet som er føreslege tatt ut av Hisdal NR i vest, er ikkje markert som kalvingssone for villrein, og det omfattar heller ikkje område med kjempefuruskog. Etter Fylkesmannen si vurdering vil difor ikkje arealet som fell ut av naturreservatet påverke verneføremålet i særleg grad.

Fylkesmannen i Aust-Agder føreslår at arealet på ca. 130 daa som fell ut av Hisdal NR i vest blir lagt attende til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane LVO.

2. Grense mellom Hisdal NR og Steinsbuskardet-Hisdal BVO i austenden av Hisvatnet

Gjeldande vernekart for Hisdal NR samsvarar ikkje med jordskiftekartet når det gjeld eigedomsgrensa mellom gnr./bnr. 20/2 og 3 og gnr./bnr. 8/1 i austenden av Hisvatnet. Etter grensemerkinga til jordskifteretten, går no denne eigedomsgrensa noko lenger vest enn i gjeldande vernekart. Fylkesmannen føreslår å justere vernegrensa til å følgje eigedomsgrensa her òg.

Fylkesmannen i Aust-Agder føreslår at det aktuelle arealet på ca. 14 daa blir lagt til Hisdal NR og at tilsvarande areal fell ut av Steinsbuskardet-Hisdal BVO.

3. Grense mellom Hisdal NR og området utanfor ved Øvretjenn aust i reservatet

Gjeldande vernekart for Hisdal NR samsvarar ikkje med jordskiftekartet når det gjeld eigedomsgrensa mellom gnr./bnr. 20/2 og 3 og gnr./bnr. 20/1 ved Øvretjenn. Etter grensemerkinga til jordskifteretten er no eigedomsgrensa korrekt lagt i austre bekkeløp til

Litjøn, og Fylkesmannen foreslår å justere vernegrensa i tråd med dette. Eit areal på ca. 45 daa vil då bli lagt til Hisdal NR.

4. Vernegrense for Steinsbuskardet-Hisdal BVO nord for Lislenut

I samband med vern av Hisdal NR, blei grensa for Steinsbuskardet-Hisdal BVO endra slik at det fylgjer grensa til Hisdal NR. Under denne grenseendringa blei det liggjande att eit lite restareal av Steinsbuskardet-Hisdal BVO sør for Hisdal NR, nord for Lislenut, som er skilt frå resten av biotopvernområdet. Dette arealet, som ligg i Valle kommune, skulle ikkje vore med i Steinsbuskardet-Hisdal BVO i utgangspunktet, sidan biotopvernområdet er avgrensa til Bykle kommune. Dette skuldast ein feil i kartet, då den opphavlege vernegrensa skulle fylgt kommunegrensa.

Fylkesmannen i Aust-Agder foreslår at det aktuelle arealet på ca. 19 daa blir fjerna frå vernekartet i tråd med intensjonen i verneforskrift for Steinsbuskardet-Hisdal BVO.

Oppmoding om uttaler til høyringa

Fylkesmannen i Aust-Agder bed om uttaler til endringsforslaget innan **15. april 2014**. Uttaler kan sendast skriftleg til *Fylkesmannen i Aust-Agder, miljøvernavdelinga, Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal*, eller på e-post til fmaapost@fylkesmannen.no. Ver venleg og merk med saksnr. 2012/984.

Vidare oppfylgning

Etter avslutta høyringsperiode, vil Fylkesmannen i Aust-Agder setja saman mottekne uttaler og sende tilråding, med nye vernekart som viser ny føreslått avgrensing for alle tre områda, til Miljødirektoratet. På bakgrunn av høyringa og tilrådinga frå Fylkesmannen, vil Miljødirektoratet vurdere å endre vernegrensene og verneforskrift for Hisdal naturreservat, Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Miljødirektoratet *anser endringene til å omfattes av delegert myndighet til å gjennomføre «grenseendringer som omfatter mindre arealer», jf. delegasjonsbrev av 3.11.1988.*

Med helsing

Aslak Gotehus
rådgjevar

Arnstein Knutsen Engemyr
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrift.
Sakshandsamar: Aslak Gotehus

Vedlegg:

Vedlegg 1: Kart som viser føreslegne grenseendringar

Vedlegg 2: Jordskifteretten sitt grensekart over Hisdal naturreservat

Vedlegg 3: Forslag til revidert vernekart for Hisdal naturreservat

Vedlegg 4: Forslag til revidert vernekart for Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde

Kopi til:

SNO lokalt v/ Peter Hermansen Sendt som e-post

SVR v/ Tarjei Haugen Sendt som e-post

Miljødirektoratet Sendt som e-post

Adresseliste til grunneigarar i Bykle kommune

Gnr./bnr.	Namn	Adresse	Postnr.	Poststad
8/1	Åse Bratteland Klungland	Kjerrheia 76	4621	Kristiansand
9/5	Anders Helge Bratteland	Flårenden	4748	Rysstad
9/5	Bjarne Torfinn Bratteland	Flårenden	4748	Rysstad
20/1	Eivind M. Trydal	Solholmsveien 1	4617	Kristiansand
20/1	Hallvard M. Trydal	Trydalsvegen 48	4754	Bykle
20/1	Jorunn Liestøl	Rysstad	4748	Rysstad
20/1	Birger Norlien Trydal	Trydalsvegen 42	4754	Bykle
20/1	Heidi Trydal	Holstveita 10 B	7012	Trondheim
20/1	Trond Morgan Trydal	Trydalsvegen 68	4754	Bykle
20/2,4	Helga Dovland	Jegergata 12	4616	Kristiansand
20/2,4	Gunhild Kallhovd	Vigeveien 20 A	4633	Kristiansand
20/2,4	Anne Turid Skarpeteig	Møretrøveien 2	4886	Grimstad
20/2,4	Björgulv Trydal	Pernilles vei 1 A	1412	Sofiemyr
20/2,4	Marion Trydal	Holbergsgate 49 B	4614	Kristiansand
20/2,4	Marianne Trydal Skeie	Eikeveien 35	4640	Søgne
20/2,4	Dagfinn Trydal	Venneslaveien 23	4619	Mosby
20/2,4	Folke Trydal	Nordre Hovedgårds vei 16 C	4621	Kristiansand
20/2,4	Folke Trydal	Åkvågveien 944	4950	Risør
20/2,4	Torleif Trydal	Tretjønneveien 20	4633	Kristiansand
20/2,4	Torhild Elisabeth Trydal	Granvej	DK-9881	Bindselev
20/2,4	Torun Trydal Nore	Flisveien 27	1414	Trollåsen
20/2,4	Ånund Trydal	Valhallaveien 68	1413	Tårnåsen
20/2,4	Arvid Trydal	Odderheisløfyen 6 B	4639	Kristiansand
20/2,4	Tora Trydal	Kobberveien 16	4616	Kristiansand
20/2,4	Torfinn Trydal	Korvettveien 2	4624	Kristiansand
20/3	Trygve Birkeland	Mollestad	4760	Birkeland
20/5	Magne Hisdal	Nedre Lunds vei 23	4630	Kristiansand

Adresseliste til grunneigarar i Valle kommune

Gnr./bnr.	Namn	Adresse	Postnr	Poststad
26/1	Else Marie Lind Løyland	Løyland	4747	Valle
26/2	Ingunn Holen	Løyland	4747	Valle
26/3	Svein K. Røysland	Leite	4747	Valle
26/4	Jon Løyland	Carl Kjelsens vei 67	0880	Oslo
26/4	Tone Løyland	Havna 22	1358	Jar
27/1	Knut Rike	Dale	4747	Valle
27/2	Anne-Gunn Homme Paulsen	Leite	4747	Valle
27/5	Margit Dale	Dale	4747	Valle
27/11	Kjartan Osmundsen	Dale	4747	Valle

Adresseliste til andre høyringsinstansar

Navn andre høyringsinstansar	Adresse	Postnr.	Poststed
Aust-Agder fylkeskommune			Her
Aust-Agder fylkeslandbruksstyre			Her
Bykle kommune	Sarvsvegen 14	4754	Bykle
Valle kommune	Postboks 4	4747	Valle

Valle og Bykle skogeigarlag v/ Else M. Lind Løyland	Løyland	4747	Valle
Bykle Jeger og Fiskerforening v/ Ingrid Margrethe Bjåen	Bjåen	4755	Hovden
Bykle og Hovden sankelag v/ Tor Mosdøl	Kultran	4754	Bykle
NVE Region Sør			Sendes på e-post: rs@nve.no
NIVA Region Sør	Jon Lilletuns vei 3	4879	Grimstad
NJFF Aust-Agder v/ Olav Schrøder	Idrettens hus, 2. Industrivei 10, Stoa	4848	Arendal
Norges Bondelag Agderkontoret	Postboks 298	4663	Kristiansand
Aust-Agder Bonde- og Småbrukarlag, v/ Kjell Gunnar Blakstad	Væding	4824	Bjorbekk
Norsk Zoologisk forening Sørlandsavdelingen c/o Asbjørn Lie	Kjerrheia 9	4621	Kristiansand
Norsk Ornitologisk forening, avdeling Aust-Agder	Postboks 249	4802	Arendal
Agder Soppforening, v/Inger-Lise Fonneland	Mellomvn. 11	4870	Fevik
Naturvernforbundet i Aust-Agder v/ Stig Rubach	Åsbieveien 5	4879	Grimstad
Agder naturmuseum	Postboks 1887 Gimlemon	4686	Kristiansand
Aust-Agder Turistforening	Postboks 369	4803	Arendal
Agder Historielag	Postboks 136	4662	Kristiansand
Agder Energi AS	Postboks 603 Lundsiden	4606	Kristiansand